



Høyring - handlingsplan for internasjonalisering
Sak nr.: 13/8019-1 Høyringsfrist: 19.01.14

Viser til mottatt høyringsdokument.

Vil med dette be om 3 konkrete tekstjusteringar i dokumentet:

Side 1; 1. Innleiing og føringar, nytt 2. avsnitt

Innvandringa utfordrar også den fleirkulturelle kompetansen i det offentlege tenestetilbodet.

Grunngjeving: Innvandringa sett nye kompetansekrav til tilsette i mellom anna i barnehage, skule samt helse- og sosialinstitusjonar. Opplæringskontoret har dette som ei sentral grunngjeving når vi planlegg, gjennomfører og evaluerer våre internasjonale prosjekt for lærlingar, instruktørar og leiing i offentlig sektor.

Side 3; 3. Status per 31.12.13, , 2. avsnitt, korrigering tekst

Om lag 1861 elevar og lærlingar..... korrigeras til

X elevar og Y lærlingar.....

Grunngjeving: Ei tydeliggjering av faktum gjer informasjonen meir presis.

Side 6, 5.3.2 Utveksling av lærlingar og instruktørar, nytt strekpunkt

Ivareta søknadsprosessen på avtala tiltak.

Grunngjeving: Auken i utplassering av lærlingar og instruktørar dei siste åra har ein direkte samanheng med at Opplæringsavdelinga har ivaretatt søknadsprosessen og ekstern rapportering på gjennomførte tiltak. Dette vil bli vidareført, men kommer ikkje klart nok fram under andre punkt i handlingsplanen.

Førde, 17.01.14

Med helsing,

Hans-Børge Lillehaug
dagleg leiar